

## Notat

**Til:** Fylkesutvalet 18.10.18 og fylkestinget 19.10.18

**Frå:** Fylkesrådmannen

### Eigarmelding 2018 og Lutelandet Utvikling AS

I møte 26.09.18 handsama fylkesutvalet fylkeskommunen si årlege eigarmelding, der mellom anna Lutelandet Utvikling AS (LU) er omtala. Av eigarmeldinga går det fram at det er føreteke ei ekstraordinær nedskrivning av eigarposten i dotterselskapet Lutelandet Eigedom AS. Eigarmeldinga omtalar også avviklinga av dotterselskapet HAFS Utvikling AS slik:

*Etter å ha gjennomført ulike kartleggingar og undersøkingar vart eigarkommunane i 2017 samde om avvikling av dotterselskapet HAFS Utvikling AS. I samband med avvikling av HAFS Utvikling AS er eigarane av Lutelandet Utvikling AS innstilte på at selskapet skal drive aktiv utvikling på området. Styret er gjeve fullmakt til å finne best mogleg organisasjonsform.*

I nemnde møte bad fylkesutvalet fylkesrådmannen etterspørje ytterlegare informasjon frå selskapet før fylkestinget si handsaming av eigarmeldinga. Etter førespurnad frå fylkesrådmannen har styreleiar opplyst følgjande om nedskrivninga i e-post av 03.10.18:

*Selskapet sine aksjar i dotterselskapet Lutelandet Eigedom AS er nedskrivne med kr 14 682 087. Nedskrivninga er ført som finanskostnad i rekneskapen og medfører underskot for rekneskapsåret 2017.*

*Aksjane har stått oppført til kostpris i balansen, kr 49 500 000. Etter nedskrivning er aksjeposten oppført med ein verdi på kr 34 817 913.*

*Rekneskapsreglane tilseier at eigedelar skal først i rekneskapen til kostpris. Men dersom verkeleg verdi er lågare, må eigedelen nedskrivast. Bokført eigenkapital i Lutelandet Eigedom AS har over fleire år vore vesentleg lågare enn kostpris på aksjane. Revisor har påpeika dette tilhøvet og gjort merksom på at aksjane må nedskrivast om ikkje meirverdi kan dokumenterast.*

*I rekneskapen for 2017 vart difor aksjane nedskrivne. Etter nedskrivning er det samsvar mellom verdien av aksjane og bokført eigenkapital i Lutelandet Eigedom AS.*

Aksjane var altså tidlegare førte til kostpris, dvs. tilsvarande investeringane som vart gjorde på området. Verkeleg verdi, m.a. basert på kor stor del av området som er leigd ut, har over fleire år har vore lågare. Eigardelen måtte difor skrivast ned.

Om framtidig organisering av Lutelandet Utvikling AS har styreleiar opplyst følgjande:

*Etter at HAFS Utvikling A/S vart avvikla vinteren 2018 har styret hatt ei grundig drøfting på framtidig organisering av drifta av Lutelandet Utvikling A/S. Dette var tema på eigarmøte 12.01 og seinare i fleire styremøte. Ein har også hatt drøftingar med aktørane på Lutelandet for å kartlegge deira behov. Styret har vedteke å lyse ut ei 50% stilling. Dette vil bli gjort i samarbeid med Fjaler Næringsutvikling som skal ha ei 50% stilling i tillegg til den eine i 100% dei har frå før. Det betyr at ein til saman får ei 100% stilling. I første omgang vert stillinga lyst ut som eit to-årig engasjement. For Lutelandet Utvikling A/S sitt vedkommande*

*vil denne stillinga bli nytta til arbeidet med å betre infrastrukturen på og rundt området, dialog med leigetakarane og arbeid med mogeleg prosjekt på ledige arealet i vindparkområdet. Av ulike grunnar har det teke litt tid å få gjort alle nødvendige avklaringar rundt denne stillinga, men no er dette på plass og stillinga blir lyst ut i løpet av oktober. Inntil ein tilsett er på plass er arbeidet i selskapet drifta av styreleiar, slik det har vore gjort sidan sommaren 2016.*

HAFS Utvikling AS utførte også tenester for kommunane. Ifølgje styreleiar i LU løyser kommunane no desse oppgåvene sjølve, eller kjøper tenester av næringsutviklingselskap eller liknande.